



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref

Vår ref
2012/00803 KV IE

Dato
09.01.2013

Statsbudsjettet 2013 – tildelingsbrev til Språkrådet

Brevet er disponert i følgjande tre delar:

- Del I Budsjетtrammer
- Del II Mål og prioriteringar i 2013
- Del III Økonomiforvaltning, risikostyring og internkontroll, rapportering

Vedlagt dette brevet er:

- Vedlegg 1: Budsjетtfullmakter for 2013
- Vedlegg 2: Krav til årsrapporten for 2013

DEL I BUDSJETTRAMMER

1. BUDSJETTRAMMER FOR 2013

1.1 Språkrådets budsjетtrammer for 2013

Stortinget vedtok 13. desember 2012 Kulturdepartementets budsjетt for 2013.

Kulturdepartementet stiller følgjande budsjетtrammer til disposisjon for Språkrådet for budsjетtåret 2013:

Utgifter

Kap. 326, post 01: kr 31 432 000

Ramma under post 01 inkluderer midlar til å dekkja meirutgifter i samband med lønnsoppgjeret i 2012 og til arbeidsgjevaravgift.

I tillegg til verksemda i Språkrådet skal tildelinga under post 01 også dekkja driftsutgiftene til den delen av stadnamntenesta under Statens namnekonsulentar som Språkrådet har det

administrative ansvaret for.

Lønnsutgiftene til dei faste stillingane som stadnamnsekretærar skal spesifiserast særskilt i budsjettsøknadene. Vi ber om at dette blir gjennomført frå og med budsjettsøknaden for 2014, jf. omtale på etatsstyringsmøtet 3. desember 2012.

Inntekter

Kap. 3326, post 01: kr 242 000

Ramma under post 01 gjeld budsjetterte inntekter Språkrådet får i hovudsak i samband med sal av publikasjonar, royalty og bidrag frå andre til å dekkja utgifter til samarbeidsprosjekt som konferansar, seminar og liknande.

Det er ein føresetnad for den tildelte budsjettramma at Språkrådet følgjer opp dei mål, prioriteringar og føresetnader og dei krav til økonomiforvaltning, kontroll og rapportering som det er gjort greie for i dette brevet.

1.2 Plan for disponering av tildelt løyving i 2013

Vi viser til pkt. 2.2.3 i *Kulturdepartementets instruks om økonomi- og virksomhetsstyring til Språkrådet* fastsett 22. desember 2011.

Utgiftene til det planlagde aktivitetsnivået, inkludert nye tiltak ein vil setja i gang i 2013, må heilt ut dekkjast innanfor den tildelte budsjettramma. I disposisjonsplanen må det derfor innarbeidast dekning for alle utgifter som vil koma på i budsjettåret som ein konsekvens av dei aktivitetane ein har planlagt for 2013.

Auka utgifter som kjem av prisstiging gjennom året, må heilt ut dekkjast innanfor den tildelte budsjettramma.

1.3 Stillingar og årsverk

Ved disponering av stillingar må Språkrådet setja av nødvendige ressursar til å følgja opp dei føresetnader, mål og resultatkrav som er lagde til grunn for 2013.

For nærmare omtale av disponering av stillingar og årsverk viser vi til pkt. 3.3.1 i *Kulturdepartementets instruks om økonomi- og virksomhetsstyring til Språkrådet*. Nærmare reglar om tilsetjing av personale, om oppretting og inndraging av stillingar og om lønnsfastsetjing er omtalt i Vedlegg 1: Budsjettfullmakter for 2013.

1.4 Spesielle føresetnader for disponeringa av den tildelte budsjettramma

Departementet gjer merksam på følgjande:

- Året 2013 skal vera eit nasjonalt språkår. Målet er å skapa sterkare aksept for den språkdelte norske kulturen i alle lag av folket og markera verdien av det fleirspråklege mangfaldet i Noreg. Vi legg til grunn at Språkrådet innanfor tildelt budsjettramme spelar ei aktiv rolle i Språkåret 2013, og at ein prioriterer aktivitetar og tiltak som støttar opp under det språkpolitiske oppdraget som Språkrådet har.
- I 2014 skal vi markera 200-årsjubileet for Grunnlova. Her vil ulike kulturinstitusjonar spela ei viktig rolle. Stortingets hovudkomité for grunnlovsjubileet har utarbeidd

overordna føringar for jubileet, jf. www.stortinget.no. Vi ber om at det i budsjettsøknaden for 2014 kort blir skissert korleis Språkrådet tenkjer seg å markera dette jubileet.

- Det er eit kulturpolitisk mål at alle skal ha like sjansar til å delta og gjera seg nytte av det offentlege kulturtilbodet. Dette gjeld også det informasjons- og rådgjevings-tilbodet Språkrådet stiller til rådvelde for publikum gjennom nettbaserte tenester og på andre måtar. Tilbodet bør så langt råd er innrettast slik at det er tilgjengeleg for alle uavhengig av sosioøkonomisk, kulturell eller religiøs bakgrunn, alder eller funksjonsevne. Departementet legg elles til grunn at Språkrådet utviklar måtar å arbeida på som tek omsynet til inkludering og kulturelt mangfald i den ordinære verksemda si.
- Vi ber om at det i rapporten for 2013, jf. vedlegg 2, kort blir gjort greie for korleis kravet til mangfald og inkludering blir konkretisert i Språkrådet og kva strategi ein har for dette arbeidet, mellom anna kva mål, målgrupper og perspektiv som er særleg aktuelle for Språkrådet, og kva resultat som er oppnådd så langt.
- Det er eit kulturpolitisk hovudmål å gi flest mogleg tilgang til det tilbodet institusjonane tilbyr. Offentleg og privat verksemd retta mot allmenta skal vera universelt utforma, jf. lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Dette gjeld også nye ikt-løysingar som er retta mot allmenta, jf. § 11 i lova.
- Statlege verksemder er i likestillingslova § 1a pålagde å arbeida aktivt for å fremja likestilling, jf. vedlegg 2.
- Statlege verksemder skal ta miljø- og samfunnsansvar ved offentlege anskaffingar, jf. vedlegg 2.

1.5 Samfunnstryggleik og beredskap

Departementet legg til grunn at leiinga for institusjonane våre arbeider systematisk og målretta med samfunnstryggleik og beredskap, og at dette er integrert i planverk og styringssystem. Ein må ha rutinar for systematisk oppdatering av planverk og retningslinjer og eit medvete forhold til korleis tanken på samfunnstryggleik og beredskap skal integrerast i heile organisasjonen gjennom opplæring og kommunikasjon. Det skal leggjast spesielt vekt på leiing, samhandling, kultur og haldningar.

Institusjonane skal utarbeida og årleg oppdatera eksisterande risiko- og sårbarheitsanalysar som gjeld eige ansvarsområde og kritisk infrastruktur som ikkje er robust nok. Førebyggjande beredskapstiltak skal vurderast. I dei tilfelle det er gjennomført tiltak som gjer kritisk infrastruktur meir robust, skal dette dokumenterast. Eventuelle endringar i risikobiletet skal rapporterast til departementet. Vidare skal det etablerast planar for alle typar kriser i eiga verksemd, inkludert krisekommunikasjon. Det skal jamleg øvast på ulike scenario, slik at erfaringar og læringspunkt kan innarbeidast i organisasjon og planverk. Institusjonen skal avklara ansvar, roller og uklare grensesnitt innanfor eige ansvarsområde og mot tilgrensande område.

Institusjonane må vurderer og dimensjonera arbeidet sitt med samfunnstryggleik og beredskap, inkludert planar, øvingar, kapasitetar og kompetanse, opp mot det samfunnsoppdraget det ansvaret/ansvarsområdet dei har og den rolla den kan få i ein eventuell krisesituasjon.

DEL II MÅL OG PRIORITERINGAR I 2013

1. OVERORDNA MÅL OG OPPDRAG

Dei kulturpolitiske måla går fram av budsjettproposisjonen for 2013. Det språkpolitiske målet under kap. 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål er:

Å sikre det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg.

Dette er det overordna målet for den strategiske språkpolitikken som Stortinget slutta seg til gjennom behandling av språkmeldinga frå regjeringa i april 2009, jf. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, jf. Innst. S. nr. 184 (2008–2009).

Av meldinga går det fram at dette målet må realiserast som ledd i ein heilskapleg språkpolitikk som også skal vareta det norskspråklege og fleirspråklege mangfaldet, den nordiske språkfelleskapen og det framandspråklege kompetansebehovet.

Departementet gir med dette Språkrådet i oppdrag for 2013 å vidareutvikla og intensivera det initierande og koordinerande arbeidet med å følgja opp den strategiske språkpolitikken som er skissert i språkmeldinga. Arbeidet med å gjennomføra dette språkpolitiske hovudoppdraget må skje innanfor ramma av ei balansert totalprioritering slik at tradisjonelle forvaltnings- og rådgjevingsfunksjonar ikkje blir skadelidne.

Etter vedtektene kan Språkrådet i enkeltspørsmål uttale seg og gi råd etter eige skjønn om kva tiltak som best tener språkpolitiske mål. Vi viser samstundes til språkmeldinga for nærmare vurderingar og konklusjonar når det gjeld forholdet mellom språkpolitiske mål og tiltak.

2. HOVUDMÅL, DELMÅL OG PRIORITERINGAR I 2013

Vi viser til den dialogen som har vore om utforming av målstruktur for Språkrådet. På bakgrunn av at innhaldet i språkpolitikken og dermed verksemda i Språkrådet i åra framover er definert gjennom språkmeldinga, er det nødvendig at målstrukturen avspeglar dette politiske grunnlagsdokumentet, og at grunnstrukturen ligg fast frå år til.

Dei hovudmåla som er formulert i dette tildelingsbrevet, vidarefører derfor innhaldet i hovudmåla for 2012. Vi har derimot gitt dei ei anna form slik at dei no har karakter av meir reelle målformuleringar og mindre av aktivitetskrav.

Departementet legg etter dette følgjande hovudmål og delmål til grunn for verksemda i Språkrådet i 2013:

HOVUDMÅL 1

Terminologi som avspeglar den internasjonale kunnskapsutviklinga, skal så langt råd er vera tilgjengeleg på bokmål og nynorsk, og ein parallellspråkleg praksis med preferanse for norsk skal følgjast på alle område som er prega av internasjonalisering.

Delmål

1 a) Terminologi og fagspråk

Fagterminologi med parallelle termar på bokmål og nynorsk skal utviklast og gjerast digitalt tilgjengeleg på nettet, og internasjonale standardar som blir gjorde gjeldande i Noreg, skal liggje føre i norsk språkdrakt.

1 b) Norsk språk i IKT-verkty

Språkbaserte digitale produkt og tenester skal vera tilgjengelege med norskspråkleg grensesnitt på den norske marknaden, og programvare som blir kjøpt inn til offentleg bruk, skal vera tilgjengeleg i begge målformer.

1 c) Språkbruk i høgare utdanning og forskning

Institusjonar for høgare utdanning og forskning bør i sine praktiske språkval på alle nivå basera seg på ein vedteken språkstrategi som byggjer på dei nærmare retningslinjene for parallellspråksbruk som styret i Universitets- og høgskolerådet har vedteke.

1 d) Språkbruk i arbeids- og næringslivet

I arbeids- og næringslivet og særleg innanfor sektorar og på arbeidsplassar som er sterkt avhengige av internasjonalt samkvem eller engelskbasert teknologi, bør det utøvast eit språkpolitisk samfunnsansvar i tråd med den språkplakaten som er utvikla av Språkrådet og Næringslivets Hovedorganisasjon.

HOVUDMÅL 2

Bokmål og nynorsk skal dyrkast og normerast som levande kulturspråk og skal ha høg status i språkopplæringa og i kultur- og medietilbodet, samstundes som språkbrukarane sine interesser blir tekne omsyn til.

Delmål

2 a) Språk i kultur- og medietilbodet

Innanfor kultur- og mediesektoren må det norskspråklege tilbodet vera så stort og ha så høg kvalitet at det kan hevda seg i tevlinga med angloamerikansk kultur- og medieindustri, og det nynorske tilbodet må ha eit omfang og ein kvalitet som gjer at denne målforma ikkje blir marginalisert.

2 b) Språkleg dokumentasjon

Norsk ordtilfang, dialektar og stadnamn og andre namn og tilsvarande norsk språkmateriale frå fortid og samtid, til dels også samisk og minoritetsspråkleg språkmateriale, skal vera lett tilgjengeleg for alle i systematisk dokumentert stand i form av papirbaserte eller digitale ordbøker eller samlingar.

2 c) Språknormering

Dei offisielle rettskrivingsnormalane for nynorsk og bokmål, og dei meir tekniske skrivereglane, skal forvaltast, justerast, oppdaterast og formidlast til alle grupper av språkbrukarar på ein slik måte at det fremjar korrekt og ryddig språkbruk i samfunnet, særleg i språkopplæring og offentleg språkbruk.

2 d) Språkopplæring

Ei heilskapleg norskopplæring i skulen skal leggja grunnlaget for at elevane får god dugleik i bokmål og nynorsk og skapa positive haldningar til norsk språk, samstundes som det blir

teke omsyn til språklege rettar og behov hos alle elevar, også dei som har ein annan språkleg bakgrunn enn norsk.

HOVUDMÅL 3

Den praktiske bruken av bokmål og nynorsk i samfunnet skal vera basert på god språkrøkt, og det offentlege og særleg staten skal leggja vekt på å nytta eit klart og brukartilpassa språk som følgjer gjeldande rettskriving og har ei rimeleg fordeling mellom målformene.

Delmål

3 a) Generell språkrøkt

Skriftleg bruk av språket i det offentlege rom bør følgje offisiell rettskriving med tilhøyrande skrivereglar og tilfredsstillande rimelege krav til idiomatisk ordlegging, korrekt setningsbygning og logisk tekstforming.

3 b) Strategisk språkrøkt

Det er strategisk særleg viktig for å sikra eit mest mogleg korrekt og velfungerande språk i samfunnet elles at det er god språkrøkt i lærebøker, aviser og film- og fjernsynsteksting.

3 b) Offentleg klarspråk

Det offentlege språket skal vera eit føredøme for samfunnet elles, og den språklege utforminga av offentlege dokument skal følgja normene for klarspråk .

3 d) Nynorsk forvaltningsspråk

Spesielt må det nynorske forvaltningsspråket bli av høgare kvalitet, og klarspråksarbeidet må bidra til auka bruk av nynorsk i staten i tråd med lovpålagde krav til kvantitativ fordeling mellom målformene.

Særskild prioritering i 2013

Språkrådet må i 2013 arbeida vidare med å følgja opp dei prioriterte oppgåvene i dei særskilde oppdragsbrev fra departementet av 17. januar 2011 og 24. april 2006.

Den nyleg framlagde rapporten om målbruk i offentlig teneste for 2011 viser liten framgang. Vi ber derfor Språkrådet vurdere om ein kan oppnå betre resultat gjennom ei sterkare og meir systematisk samordning av teneste- og tilsynsinnsatsen, og om ein i 2013 kan setja inn ein intensivert innsats overfor utvalde sektorar, som så kan følgjast opp med tilsvarende punktinnsetsar i komande år.

HOVUDMÅL 4

Det skal vera stor toleranse og gode rammevilkår for eit levande norskspråkleg og fleirspråkleg mangfald i landet og for språkforståinga mellom Noreg og utlandet, særleg mellom Noreg og dei andre nordiske landa.

Delmål

4 a) Språklege rettar i samfunnet

Både i offentlig forvaltning og tenesteyting og i samfunnet elles skal det visast respekt for legale og legitime rettar som kvar enkelt borgar har som språkbrukar, uavhengig av kva språkleg bakgrunn vedkomande har.

4 b) Nynorsk målbruk

Som formelt likestilt variant av det norske nasjonalspråket, men reelt mindretalsspråk i høve til bokmål er det eit mål at nynorsk skal brukast i størst mogleg omfang på alle samfunnsområde, og at det skal vera lettast mogleg å vere nynorskbrukar, m.a. slik at nynorskelevar held fast ved språket sitt også i vaksen alder.

4 c) Fleirspråkleg mangfald

Bruk av samisk språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk skal styrkjast, og alle som soknar til eit av desse språka, eller som har ein annan morsmålsbakgrunn enn norsk, skal ha god tilgang til sitt eige språk.

4 d) Nordisk språkfelleskap og framandspråkskompetanse

Den nordiske språkfelleskapen basert på dei tre gjensidig forstålege skandinaviske språka skal haldast ved like og utviklast vidare, og folk i Noreg skal ha god og allsidig kompetanse i framande språk.

Særskild prioritering i 2013:

Språkrådet skal i 2013 prioritera arbeidet med å byggja opp ei ny rådgjevingsteneste for minoritetsspråk og minoritetsspråksbrukarar.

3. ANNA OPPFØLGING I 2013

3.1 Resultatvurderingar

Måla for verksemda i Språkrådet vedkjem alle samfunnssektorar og er dermed også avhengige av andre samfunnsaktørar. Derfor er det ikkje ein enkel og automatisk samanheng mellom den innsatsen og ressursbruken Språkrådet set inn og effektane av dette arbeidet. Effektane er i stor grad avhengige av at Språkrådet kan påverka andre aktørar. Dei språkpolitiske måla kan også konkurrera med andre samfunns mål. Språkrådet kan dermed sjeldan ha full kontroll over måloppnåinga. Desse faktorane gjer også at det er grenser for kor nøyaktig dei språkpolitiske verknadene av arbeidet kan målast. *Det er likevel viktig at Språkrådet nøye vurderer korleis innsatsen kan bli mest mogleg målretta og ressurseffektiv.*

Ovanfor er det med basis i språkmeldinga formulert overordna mål, hovudmål og delmål for Språkrådet. Til saman er det i hovudsak samsvar mellom delmåla og dei temaa som no har utkrystallisert seg som emne for eigne kapittel i dei årlege tilstandsrapportane frå Språkrådet.

Vi viser til etatsstyringsmøtet 3. desember 2012 og ber Språkrådet snarast koma tilbake med ei skisse av prioriterte aktivitetar i 2013 innanfor ramma av målstrukturen ovanfor og eit framlegg til indikatorar som kan vera til hjelp når ein ved årsslutt skal vurdere resultatet av den prioriterte innsatsen målt opp mot dei aktuelle målformuleringane.

3.2 Språkpolitisk kunnskapsgrunnlag og tilstandsrapport

Den årlege språkpolitiske tilstandsrapporteringa som er omtalt i kap. 3.3.4 i språkmeldinga, er Språkrådet godt i gang med å følgje opp gjennom dei to språkstatusdokumenta som vart lagde fram i 2010, 2011 og 2012. Etter planen skal dei i 2013 leggjast fram ei rapporteringsmelding til Stortinget basert på tilstandsrapportane frå Språkrådet. Vi legg til grunn at det ikkje vil vera tid for Språkrådet til å leggja fram ein ny rapport før denne

meldinga skal utarbeidast, slik at Språkrådet i 2013 kan nøya seg med å koma med supplerande stoff berre på dei punkt der det måtte vera noko nemnande nytt å rapportera.

DEL III ØKONOMIFORVALTNING, RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL, RAPPORTERING

1. ØKONOMIFORVALTNING

Vi viser til nærmare omtale av økonomiforvaltninga i "Kulturdepartementets instruks om økonomi- og virksomhetsstyring til Språkrådet", kap. 3.

Dersom det gjennom året oppstår uventa utgifter, må desse dekkjast ved omdisponeringar innanfor den tildelte ramma, ved bruk av budsjettfullmaktene, jf. vedlegg 1, eller ved å redusera den planlagde aktiviteten.

Departementet vil be om ein særskild rekneskapsrapport pr. 31. august 2013, der det i tillegg til forbruket pr. 31. august også skal opplysast om planlagt forbruk for resten av året. Det vil seinare bli sendt ut retningslinjer for utarbeiding av slik rapport.

2. STYRINGSdokument, RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Dei interne styringsdokumenta i Språkrådet skal utarbeidast i tråd med pkt. 2.2.2 i "Kulturdepartementets instruks om økonomi- og virksomhetsstyring til Språkrådet". Vi viser til nærmare omtale av risikostyring og internkontroll i pkt. 2.3 i instruksen, jf. også krav til rapportering i vedlegg 2: Krav til årsrapporten for 2013.

Det er ein føresetnad at Språkrådet jamleg vurderer risikoen for misleghald, og at denne vurderinga blir dokumentert. Vidare er det ein føresetnad at etiske standardar som gjeld habilitet, attåt arbeid og mottak av gåver og andre fordelar er innarbeidde i interne retningslinjer og/eller skriftlege rutinar.

For å sikra etisk bevisstgjerung er det nødvendig med kontinuerleg haldningsarbeid. Det er viktig å ha gode prosessar for å sikra at retningslinjene er godt kjende i institusjonen.

3. ÅRSRAPPORT FOR 2013

Språkrådet skal ved utgangen av kvart budsjettår utarbeida ein eigen årsrapport, jf. pkt. 1.5.1 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*.

Årsrapporten for 2013 skal utarbeidast som **eige dokument** og sendast Kulturdepartementet innan midten av februar 2014. Nøyaktig dato vil bli gitt hausten 2013 i det årlege rundskrivet frå departementet om innrapportering til den sentrale statsrekneskapen.

Årsrapporten skal utarbeidast i samsvar med krava i Vedlegg 2 Krav til årsrapport for 2013. Rapporten skal sendast elektronisk til adressa "postmottak@kud.dep.no". Departementet sender årsrapporten vidare til Riksrevisjonen. Vi ber derfor Språkrådet passa på at rapporten blir utarbeidd i samsvar med krava ovanfor.

Med helsing

Roy Kristiansen e.f.
ekspedisjonssjef

Heidi Karlsen
avdelingsdirektør

Elektronisk gjenpart: Riksrevisjonen
Direktoratet for økonomistyring, avdeling Tromsø

BUDSJETTFULLMAKTER FOR 2013

Sentrale bestemmelser om budsjettering, budsjett disponering og økonomiforvaltning i statlige virksomheter er samlet i Finansdepartementets "Veileder i statlig budsjettarbeid" som er tilgjengelig elektronisk på Finansdepartementets hjemmesider. Fullmakter i henhold til bevilgningsreglementet er omtalt i Finansdepartementets rundskriv R-110/2005 av 05.12.2005, jf. Kultur- og kirke departementets brev av 12.12.2005 om ovennevnte.

For 2013 gjelder følgende budsjettfullmakter for virksomhetene under Kulturdepartementet:

1. Overskridelse av driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter

Virksomhetene kan overskride driftsbevilgningene mot tilsvarende merinntekter slik det framgår av oversikten nedenfor, jf. Prop. 1 S (2012-2013):

1. overskride bevilgningen under:	mot tilsvarende merinntekter under:
kap. 300, post 01	kap. 3300, post 01
kap. 320, post 01	kap. 3320, postene 01 og 03
kap. 322, post 01	kap. 3322, post 01
kap. 323, post 01	kap. 3323, post 01
kap. 324, post 01	kap. 3324, post 01
kap. 326, post 01	kap. 3326, post 01
kap. 329, post 01	kap. 3329, post 01
kap. 334, post 01	kap. 3334, post 01
kap. 339, post 01	kap. 5568, post 73

- overskride bevilgningen under kap. 324 Scenekunstformål, post 21 Spesielle driftsutgifter med et beløp som tilsvarer alle merinntektene på kap. 3324, post 02 Billett- og salgsinntekter. Ubrukte merinntekter kan regnes med ved utregning av overførbart beløp på post 21.
- overskride bevilgningene under post 21 Spesielle driftsutgifter under kap. 329, kap. 334 og kap. 339 med et beløp som tilsvarer alle merinntektene på hhv. kap. 3329, post 02 Inntekter ved oppdrag, kap. 334, post 02 Inntekter ved oppdrag og kap. 3339, post 07 Inntekter ved oppdrag. Ubrukte merinntekter kan regnes med ved utregning av overførbart beløp på post 21.

Dersom inntektene under de inntektspostene som er omtalt i pkt. 1 ovenfor blir mindre enn budsjettert, innebærer dette at rammen under de aktuelle utgiftspostene må reduseres tilsvarende mindreinntekten.

Med unntak av kap. 3324, post 21, jf. pkt 2 ovenfor, kan bevilgningene under post 21 bare benyttes i den grad det kan skaffes oppdragsinntekter.

2. Nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Virksomhetene kan benytte nettobudsjettering under post 01 Driftsutgifter ved utskifting av utstyr. Adgangen til å nettoføre inntekter ved utskifting av utstyr er begrenset til inntil 5 pst. av bevilgningen under post 01.

3. Omdisponering mellom poster på budsjettet for statlige virksomheter

Virksomhetene kan gis adgang til å omdisponere inntil 5 pst. av bevilgningen under post 01 Driftsutgifter til investeringer under post 45 Større utstysanskaffelser og vedlikehold, *kan overføres*. Slik omdisponering av midler skal godkjennes av departementet i hvert enkelt tilfelle. Før omdisponering kan foretas må derfor virksomhetene sende søknad om slik omdisponering til Kulturdepartementet.

4. Overskridelse mot innsparing i senere budsjett-termin

Virksomhetene kan gis adgang til å overskride driftsbevilgningen under post 01 Driftsutgifter med inntil 5 pst. til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i løpet av de tre påløpende budsjett-terminene. Slik overskridelse skal godkjennes av departementet i hvert enkelt tilfelle. Før overskridelse kan foretas må derfor virksomhetene sende søknad om slik overskridelse til Kulturdepartementet.

5. Inngåelse av leieavtaler og avtaler om kjøp av tjenester

Virksomhetene kan inngå leieavtaler og avtaler om kjøp av tjenester utover budsjettåret når avtalene gjelder virksomhetens ordinære drift og utgiftene kan dekkes innenfor et uendret bevilgningsnivå i avtaleperioden.

6. Overføring av budsjettmidler mellom statlige virksomheter

Overføring av budsjettmidler fra en virksomhet til en annen virksomhet kan skje ved at det overføres midler til mottakende virksomhets konto, eller ved at mottakende virksomhet får belastningsfullmakt, jf. Finansdepartementets rundskriv R-111/10 av 25.11.2010. Dersom det benyttes fullmakt, skal fullmakten alltid gis til virksomheten, og ikke til en eller flere personer.

Kopi av fullmakten sendes Kulturdepartementet v/Administrasjons- og økonomi-avdelingen.

7. Overføring av ubrukt driftsbevilgning fra ett år til neste

Overføring av ubrukt driftsbevilgning (postene 01 og 21) fra ett år til neste skal godkjennes av Finansdepartementet. Virksomhetene sender eventuell søknad om overføring av ubrukt driftsbevilgning til Kulturdepartementet i samsvar med de frister som blir fastsatt senere i eget rundskriv til virksomhetene om statsregnskapet for 2013.

8. Tilsetting av personale i statlige virksomheter

Jf. Statens personalhåndbok

Myndigheten til å tilsette virksomhetsleder ligger i Kulturdepartementet. For øvrige stillinger er tilsettingsmyndigheten lagt til virksomhetene (tilsettingsråd/styrer). Unntatt fra dette er likevel virksomheter uten styre/tilsettingsråd. For disse virksomhetene ligger tilsettingsmyndigheten i Kulturdepartementet.

9. Opprettelse og inndragning av stillinger

Den enkelte virksomhet kan selv opprette og inndra stillinger på bestemte vilkår.

9.1 Opprettelse av stillinger

Det kan opprettes stillinger under forutsetning av at:

- virksomheten har budsjettmessig dekning for de lønns- og driftskostnader som tilsetningen medfører innenfor den tildelte budsjettrammen under post 01
- virksomheten kan dekke de lønns- og driftskostnader som tilsetningen medfører innenfor en realistisk forventning om hva driftsbudsjettet vil bli i de påfølgende år
- tilsetningen er i tråd med de føringer/forutsetninger for øvrig som er omtalt i dette tildelingsbrevet
- tilsetningen ligger innenfor rammene av tjenestemannsloven
- det kun nyttes stillingskoder fra gjennomgående lønnsplaner eller egne etatsplaner
- lønnsplassing av stillingen behandles i samsvar med hovedtariffavtalens bestemmelser, jf. særlig hovedtariffavtalens pkt. 2.3.8 om kunnngjøring av stilling.

9.2 Omgjøring av besatte stillinger

Jf. Statens personalhåndbok

Opphevelsen av Bevilgningsreglementets § 10 medfører ingen endringer i hovedtariffavtalens bestemmelser om omgjøring av besatte stillinger (også lederstillinger). Dette skjer som tidligere i årlige sentrale og lokale forhandlinger.

9.3 Inndragning av besatte stillinger

Forutsetningen for å kunne inndra en besatt stilling er at arbeidet faller bort. Vedtak om å inndra en besatt stilling må treffes skriftlig og skal inneholde:

- beskrivelse av stillingens arbeidsoppgaver og status (fast/midlertidig)
- begrunnelse for inndragningen - tas med både i oppsigelsesvedtaket og i underretningen til den tjenestemann som sies opp

Kulturdepartementet skal orienteres om vedtaket.

Det vises ellers til pkt. 3 i PM 20/97 av 29. september 1997, samt reglene i tjenestemannsloven og Hovedavtalen.

9.4 Fullmakter

Opprettelse av lederstillinger på kontorsjefnivå eller høyere, jf. lønnsplanene 90.100, 90.303 og 09.840, og opprettelse av stillinger som forsker, prosjektleder eller utredningsleder, jf. lønnsplanene 90.400, 90.510 og 90.520, skal forelegges Kultur- departementet.

Virksomheter som er egne forhandlingssteder etter Hovedtariffavtalen i staten

Opprettelse av stillinger som avdelingsdirektør eller høyere skal forelegges Kultur- departementet.

10. Lønnsfastsetting av stillinger ved tilsetning

Kulturdepartementet fastsetter lønn for de stillinger der tilsetningsmyndigheten er lagt til Kulturdepartementet.

For øvrige stillinger er lønnsfastsettingen lagt til den enkelte virksomhet, jf. hovedtariffavtalens pkt. 2.3.8.

KRAV TIL ÅRSRAPPORT FOR 2013

Årsrapporten for 2013 skal utarbeides med utgangspunkt i de mål, forutsetninger og krav som er stilt i tildelingsbrevet. Årsrapporten skal inneholde:

1. Årsregnskap
2. Resultatrapport
3. Risikostyring og internkontroll
4. Likestilling
5. Miljøarbeid

1. Årsregnskap

Regnskapstallene skal som tidligere presenteres i henhold til gjeldende kontoplan for statsregnskapet og omfatte virksomhetens samtlige utgifter og inntekter. Nærmere orientering om rapportering til statsregnskapet for 2013 vil bli gitt høsten 2013 i departementets årlige rundskriv om innrapportering til det sentrale statsregnskapet.

Forklaring av avvik i regnskapstallene i forhold til tildelt budsjetttramme må presenteres med tanke på at departementet skal benytte materialet i sine forklaringer til statsregnskapet overfor Riksrevisjonen. Regnskapstall og forklaringer må omfatte samtlige budsjettmidler som virksomheten har fått stilt til disposisjon i løpet av året, også tilskuddsmidler dersom virksomheten har disponert slike midler.

Virksomheten må også utarbeide oversikt over uerholdelige fordringer og avskrivninger av krav.

2. Resultatrapport

Kulturdepartementet skal rapportere til Stortinget om oppnådde resultater i 2013 gjennom budsjettproposisjonen for 2015. Virksomhetenes resultatrapportering for 2013 vil danne grunnlag for denne rapporteringen. Resultatrapporteringen er også et viktig grunnlag for departementets formulering av mål- og resultatkrav for kommende år. Virksomhetene må derfor legge vekt på å framskaffe og presentere data for oppnådde resultater for de mål som er trukket opp i tildelingsbrevet for 2013.

Virksomhetens rapport for 2013 skal inneholde:

- a. Kortfattet omtale av virksomhetens samlede aktivitet i 2013.
- b. Omtale av virksomhetens oppnådde resultater i 2013 for de resultatmål som er trukket opp i tildelingsbrevet for 2013. Omtalen må utarbeides med utgangspunkt i de tilhørende resultatindikatorene. Det må også gis en kortfattet omtale av de konkrete tiltak som virksomheten har iverksatt i 2013 for å nå de fastsatte resultatmålene for 2013. Omtalen skal begrenses til tiltak som er sentrale for mål- og resultatoppnåelsen.
- c. Omtale av planer og aktiviteter i 2013 i forbindelse med spesielle forutsetninger som er trukket opp i tildelingsbrevet for 2013, herunder Grunnlovsjubileet 2014 og inkludering og kulturelt mangfold.

Rapporten må inneholde både tekstomtale og tabelloversikter som dokumenterer de resultater som virksomheten har oppnådd. Det må benyttes tallmateriale som i størst mulig grad sier noe om virksomhetens ressursutnyttelse. Tabelloversikter utarbeides med sammenlignbare tall for 2012 og 2013 med tilhørende plantall for 2014.

Tiltak som er gjennomført, men som ikke har gitt de forutsatte resultater, må også omtales. For slike tiltak må det gis opplysning om hvorfor målet ikke er nådd, hvilke ressurser/tiltak som må settes inn i 2014 og/eller senere for at målet skal nås.

3. Risikostyring og internkontroll

Rapporten skal omfatte en redegjørelse for virksomhetens risikoanalyse og oppfølgingen av denne i 2013. Tiltak som er gjennomført for å redusere risikoen på de viktigste risikoområdene, herunder eventuelle områder som departementet har påpekt i tildelingsbrevet, skal omtales.

Virksomheten skal redegjøre for arbeidet med etiske retningslinjer og etisk bevisstgjøring internt i virksomheten.

4. Likestilling

Offentlige myndigheter er i henhold til likestillingslovens § 1a pålagt å arbeide aktivt for å fremme likestilling, samt å redegjøre for arbeid og status på dette området. Virksomheten må derfor redegjøre for arbeidet med likestilling og status for dette arbeidet i 2013. Redegjørelsen må bl.a. inneholde følgende oversikt:

	Totalt		Lederstillinger		Øvrige stillinger	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling - alle ansatte (i pst.)						
Kjønnsfordeling - heltidsansatte (i pst.)						
Kjønnsfordeling - deltidsansatte (i pst.)						
Gjennomsnittslønn (i 1 000 kr) 1)						

1) beregnet med utgangspunkt i faktisk utbetalt lønn

5. Miljøarbeid

Handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser gjaldt t.o.m. 2010. Arbeidet med oppfølging av miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser skal likevel videreføres, både når det gjelder statlige innkjøp og miljøledelse. Virksomhetene må derfor fortsatt rapportere om ovennevnte arbeid.